



Den strame 85åringen, Bjørgulv Eik, har ei svært lang korpskarriere og er framleis med for fullt!

Laurdag fylte den aktive lagsmannen Bjørgulv Eik 85 år. Den spreke jubilanten feira dagen saman med nær familie hos eine dottera i Korsnes. For mange er Bjørgulv den store lagsmannen i Uskedalen, framleis er han t.d. aktiv både i ungdomslag og musikklag, og det var derfor heilt naturleg for Uskedal muikklag å stilla opp for å glede jubilanten med korpsmusikk.

Musikklaget rigga seg til på den store terrassen på huset til dottera Jofrid om lag kl.19 samstundes som gjestene kom. Det skulle vera ei overrasking for jubilanten. Naturleg nok var det **Hurra for deg som fyller ditt år** som tona først frå instrumenta.



Yngstemann i korpset, med hovudlykt, bar fram helsing i ord og blomar til jubilarnten.

Etter det sa yngstemann i korpset, Thor Inge Døssland, fram kort helsingord til Bjørgulv som med sine 85 år er eldst i korpset. Døssland la vekt på kor imponerte korpmedlemmene er over det store engasjementet han viser, etter ei lang korpskarriere som starta i god tid før Døssland var fødd. Bjørgulv stiller ikkje berre til kvar einaste øving i god tid. Han engasjerer seg i alle sider ved korpdrifta. Han kjem gjerne med melkekarer frå kona Margit for ei god sosial stund. Døssland understreka at det var Bjørgulv saman med Knut Steinsletten som drog korpset i gang att i 2010 etter ein periode i dvale. Utan det engasjementet trudde han ikkje korpset hadde fått dei gode åra det hadde hatt etter det. Det var også Bjørgulv som tok initiativ til å skriva ned kva laget hadde vore aktiv med i ein periode der det var blitt hol i lagshistorien.

Det vart understreka den gode og lette stemningen Bjørgulv var med og skapte blant korpmedlemmene, og yngstemann avslutta med å sei at i grunnen følte han på mange måtar at 85 åringen var på same alder som han, når dei snakka saman. Jubilarnten fekk overrekk ei fin blomehelsing frå korpvene sine.

Vestland, Vestland tona så frå terassen før Uskedal musikklag avslutta med **Jubilantmarsj** av Per Olav Paulsen, ein av korpset sine tidlegare dirigentar. Etter dette vart alle korpmedlemene som hadde høve til det, invitert inn for å delta i feiringa av heidersmannen, æresmedlemmen og 85års-jubilarnten.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Einar Gjertsen